

Samferdselsdepartementet
Akersgata 59,
0180 Oslo

For Senterpartiet i Austevoll
Tore Hufthammer
Hufthamar 60
5392 STOREBØ.
TLF: 94132750

<https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

Bekymringsmelding til Samferdselsdepartementet.

Austevoll har over svært lang tid hatt dårlegare ferjetilbod enn det trafikkmengda skulle tilsei, kommunen er den mest folkerike i Norge utan fastlandsforbindelse. Hufthamar – Krokeide er det største fylkesvegferjesambandet i Vestland, men har langt i frå det beste rutetilbodet. Husavik – Sandvikvåg har og dårlegare rutetilbod, enn samanliknbare strekningar. Austevoll er ein av to kommunar i «Hordaland» utan fastlandsforbindelse. Det finnes ikkje alternative køyreruter, ferja er vegen vår.

Austevoll kommune ved ordførar Morten Storebø, tinga derfor i 2015 Helge Hopen rapporten som stadfestar dette. Denne rapporten er vedlagt. Karsten Eriksen (elektrikar), Terje van der Meeren (havforskar), Austevoll SP og andre parti har også jobba med dokumentasjon av dette. HFK og no Vestland FK har fått mengder av innspel om saka, frå politikarar og næringsliv. Viser til vedlegget frå BT i 2017. Viser også til <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/> der ein liten del av saksdokumenta ligg. Må og leggja til at sidan **2007** har ein gitt mange innspel om prisar på hurtigbåt som varierer med opptil **400 %** pr. km utan at noko vert gjort.

Det er beklageleg at me må senda bekymringsmelding, men nødvendig. Det må snarast lagast statlege retningslinjer for drift av ferjer, der ein tek omsyn til trafikkmengd og om eit samband er landfast eller ikkje. Det å laga objektive kriteria for ferjer og hurtigbåt burde ikkje vore vanskeleg og få til. Me veit at ferjetilbodet er eit fylkeskommunalt ansvar, men staten må gje retningslinjer også for fylkeskommunale samband slik staten tidlegare har gjort for riksvegferjene i NTP. **Ein kan ikkje forvalta eit budsjett på fleire milliardar utan retningslinjer.**

Næringslivet i Austevoll har ikkje same moglegheit til og utvikla seg vidare, som næringslivet i omkringliggjande kommunar. Dei fleste av kommunane rundt oss var tidlegare avhengige av ferjer, no er dette berre Austevoll igjen som ikkje er landfast av kommunane rundt oss. Vegen vår ut av kommunen stengjer 22:35, og er til direkte hinder for nye investeringar og nye arbeidsplassar. Austevoll laksepakkeri må ha ein siste avgang 01:00 frå Hufthamar for å investera for ein halv milliard og auka produksjonen sin frå kr. 1 750 000 000.- til det tredoble. Me veit no om konkurrerande verksemd i regionen som er i ferd med å investera 400 millionar i eit øysamfunn med landfast forbindelse. Næringslivet i Austevoll kan ikkje gjera dette på grunn av ei manglande ferjeavgang og same regularitet i helgane som kvardagane. Me ber om at første ferja går frå Hufthamar 05:55 med siste avgang frå Hufthamar kl. 01:00, og to ferjer i drift kvar dag heile året. Austevoll laksepakkeri må ha ein siste avgang 01:00 frå Hufthamar. I situasjonen AS Norge er i no, treng me meir verdiskaping og nye arbeidsplassar.

Det me ber om er eit likeverdig ferjetilbod som eit anna og landfast samband i fylket har i dag, dei har omlag halvparten av trafikken til sambandet Hufthamar-Krokeide. Austevoll er ikkje landfast og har ikkje alternative køyreruter, slik dette landfaste sambandet har. Eit anna samband med nærleik til den nyleg bygde Hardangerbrua, går med 3500 tomme ferjer i året og er nattope! (2018 tal). HFK og no Vestland Fylkeskommune skyldar på dårleg økonomi, korleis er dette mogeleg? Ferjetilbodet må være best der det er mest trafikk, og der ein i tillegg ikkje er landfast. Austevoll stengjer i dag 22:35, ut av kommunen.

Austevoll har vore urettvist behandla i altfor mange år i denne saka, me forventar derfor at Samferdselsdepartementet straks tar tak i denne bekymringsmeldinga, og får slutt på denne uretten snarast. Eit minstekrav er at ein er i gang med nye og rettferdige ferjeruter, basert på objektive kriteria, frå 01.01.2022. Ein må også snarast ordna opp i prisar for hurtigbåt.

2 vedlegg.

Viser også til: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

For Senterpartiet i Austevoll.

Tore Hufthammer.

